

Topptur med panoramautsikt over Hallingdalsfjella

Følg tydelig stige opp til fyrste platået. Der blir stigen delvis borte, men terrenget er enkelt å følge vidare oppover. Det er stadvis bratt og du må nok rekne med nokre få meter lett klatring. Mot slutten går du i enkel steinrøys fram til vardane mot toppen.

På toppen blir du belønna med storslått utsikt. Her i frå ser du Reineskarvet og Hallingskarvet, Sangenuten, Nysetknippen og Dyna. I klart vær kan du til og med sjå Gaustadtoppen.

Namnet brea tyder at der smeltar snøen tidleg om våren.



Turen er ikkje skilta og merka!



Frå Rv 7, køyr Fv 244 til Leveld, følg fjellvegen Fanitullvegen mot Hemsedal forbi Lauvdalen (ca. 11 km frå avkøyringa frå Fv 244 i Leveld). Bomveg.



Parker ved fiskekortkasse litt nord for Lauvdalen.



7 km t/r. 1200 - 1597 moh.



Restar etter ei dyregrav i søraustleg retning frå vardane.



Stadvis bratt og steinete, krev litt lett klatring mot toppen. Turen er ikkje skilta og merka.



For meir detaljert kart: Tur- og sykkelkart Al/Gol/Hemsedal 1:60 000 og Reineskarvet 1:50 000.



Foto: Simen Bjerke.

Foto: Steinar Saghaug.